

# KYRKJEGLØTTEN

NR. 2 — 2020 · 43. ÅRGANG · KYRKJELYDSBLAD FOR MO OG OSTERFJORDEN



3

Med strikkepinnar  
og garn på Mo

6-7

Kyrkja på lag  
med Knarvikmila

14

Frå farne tider

## Kontaktinfo:

### Ostereidet

#### kyrkjekontor

Ørnnova 21, 5993 Ostereidet

**Telefon:** Nytt felles telefonnummer til Kyrkja i Alver kommune: 4000 1691

Kvar dag kl 09.00 – 15.00.

post.osterfjorden@kyrkja.no

**Heimeside:** www.kyrkja.no/alver og klikk på KYRKJELYDAR, og så Osterfjorden sokn.

#### Facebookside:

Kyrkja i Osterfjorden

VIPPS 537808

Hugs å merka kva betalinga gjeld.

#### Opningstid:

Mandag, tysdag og torsdag kl 09.00 – 15.00

### Mo kyrkjekontor

5729 Modalen

56 59 90 33

larsbjarte.nesheim@modalen.kommune.no

**Facebookside:** Mo sokn

**Kontortid:** måndag og onsdag kl. 8-15.30

### Alver kyrkjelege fellesråd

Lonsvegen 1, 5914 Isdalstø

4000 1691

post.alver@kyrkja.no

www.kyrkja.no/alver

**Kyrkjeverje:** John Fredrik Wallace

**Leiar i fellesrådet:**

Grethe Lunde

### Kyrkjegløtten

**Utgjevar:** Sokneråda i Osterfjorden sokn og Mo sokn, i samarbeid med Meland sokn og Knarvik sokn.

**Redaktør:** Gunvor Taule Mjanger

**Lokal redaksjon:** Ole Einar Eide

Eidsheim, Anne Berit Eknes,

Torbjørn Aamli, Gunvor Taule

Mjanger, Lars Bjarte Nesheim.

**Grafisk design:** Simen Søvik

**Trykk:** Bodoni AS

**Framsidedeilete:** Bjørn D. Nygård,

Boris Kuprijanov og Renate Wal-

dow gjer opptak i Askvik kapell.

### Soknerådsleiarar

Osterfjorden: Geir Ove Hopsdal,

901 18 278

Mo: Henning Birkeland, 994 70 008

## Tilsette Ostereidet



**Torbjørn Aamli**

Sokneprest / 476 21 201



**Boris Kuprijanov**

Organist / 920 60 993



**Bjørn D. Nygård**

Kateket / 412 59 586



**Sonja B. Molvik**

Sekretær

## Tilsette Mo



**Antje Michelau-Meyn**

Trusoppplærar / 56 59 90 34 antje.michelau-meyn@modalen.kommune.no



**Lars Bjarte Nesheim**

Kyrkjeverje  
976 75 416

# Tankestrek

Ved sokneprest Torbjørn Aamli

Kyrkjeblad har eit «langsamt» format. Det tar mange veker frå vi skriv til bladet kjem ut. Nummeret som kom ut før påske var laga før Corona-krisa tok av. Avlysinga av gudstenester kom ikkje med. Heldigvis har lokalavisene, heimesida www.kyrkja.no/alver og Facebook (Kyrkja i Osterfjorden) oppdatert oss, og det vil framleis vere naudsynt. For vi veit ikkje i dag når gudstenester og aktivitetar startar opp, eller på kva måte det vil skje.

### Kyrkja er og på nett

Ja, kyrkja er på nett. Nasjonalt gjennom www.nettkirken.no som er ein del av Sjømannskirken. Her er både andakt, bønneside og tilbod om chat og samtalar. NRK har òg gudstenester, og høver ikkje klokkeslettet, er det berre å sjå på NRK sin heimeside. Og lokalt – i dei ulike kyrkjelydane i Alver - finn du tilbod for gamle og unge: Småbarnstrall, andaktar og gudstenester.

### Vil du snakke med nokon?

Vi vil og understreke at vi har både prestar og diakonar i Alver dersom du vil snakke med nokon. Telefonnummer finn du i kyrkjeblad og på nettsidene. Send gjerne ei tekstmelding, så kan vi avtale når og korleis.

### Verdsveven - www

Og medan besteforeldre og oldeforeldre ikkje får besøk av barneborn og oldeborn som før, er det kan hende enno fleire som kastar seg ut i det store internettet. Facetime og liknande gjer at vi ikkje berre kan høyre kjende stemmer, men og sjå kjende ansikter. Mi oppfordring er at vi nyttar desse når vi ikkje kan møtast. Eg høyrer om folk med heimekontor som tek lunchen på Facetime – så dei ikkje skal kjenne seg så isolerte. Tenk på om det er nokon du veit om som vil bli glad om du tek kontakt!

### «Nærast er du når du er borte»

skreiv Tor Jonsson ein gong i eit dikt. No seier vi at vi tek omsyn til kvarandre ved å halde avstand. Men eg får mange gode smil og nikk når eg går på butikken. Litt småengsteleg blir vi når vi kjem for nær, og ein og annan spøkefull kommentar sitt laust. Om ein småkremtar litt, eller enno verre - nys, må vi skunde oss å seie at «nei, det er berre litt allergi!» Det blir ikkje lett for pollenallergikarane denne våren.... Ja, vi viser omsorg ved å følge dei gode reglane – men vi får gjere det med eit smil, og vere litt overberande med dei som gløymer seg.

### Kjærleik finn vegar

Så får vi ta med oss det gode i det vonde: Sjå etter nye måtar å hjelpe kvarandre. Tenkje etter om nokon treng hjelp til handling eller anna. Ta ein ekstra telefon til dei som sit einsame, engstelege og sørgjande. Og så kan vi som trur på Gud be om Guds velsigning over land og folk!

## DÅP

No er det mogleg med dåp igjen! Vi gjer alt for å syte for trygge rammer for dåpen. Ønskjer du dåp i Osterfjorden, kan du melde dåp på heimesida vår: www.kyrkja.no/alver og klikk på Osterfjorden sokn. Der finn du oversikt over gudstenester.

Grunna korona-situasjonen blir det oftast eigne dåpsgudstenester, og i utgangspunktet er dei sett opp i Ostereidet kyrkje. Ønskjer du dåp i Hjelmås eller Vike, ring kyrkjekontoret, 40 00 16 91. Kan hende vi kan flytte ei dåpsgudsteneste dit.

Ring og om du ønskjer nærare informasjon, om smitteverntiltaka våre, eller om andre dagar er moglege. Du kan og sende epost til post.osterfjorden@kyrkja.no

# Med strikkepinnar og garn på Mo

Tekst og foto: Signy Vikane

I KYRKJESTOVA PÅ MO ER DET AKTIVITET ÅRET RUNDT. I MELSDAGANE SAMLAST NOKRE AV DEI FLITTIGASTE STRIKKARANE FOR Å PAKKA HUER TIL MALAWI. MANGE NYFØDDE I EIT AV DEI FATTIGASTE LANDA I VERDA FÅR DERMED EI VARM HUE AV BABYULL SOM SITT FØRSTE PLAGG.

## STRIKKEKAFÉ

Siste torsdag i kvar måned samlast ein gjeng strikkeglade damer i sin beste alder i kyrkjelyden sitt møterom på Mo. Det kjem plakatar opp i god tid på førehand, men dei faste gjestene treng neppe å verta mint på datoen eller klokkeslettet. Dei kjem frå Eksingedalen, Eidslandet, Modalen og Romarheim for å spöta, drikka kaffi/ te og prata saman. Dette er ein møteplass for tre generasjonar. Den einaste mannen som har vore innom til no, er vel nyepresten, Torbjörn, på veg til Modalstunet. Damene kan spørja kvarandre om mangt og mykje når det gjeld strikking, og til no har vel alle fått svar. Korleis fella hæl, kor mange masker til vottar, - eller rett og slett tolking av oppskrifta ein sit med.



## SAMARBEID OVER KOMMUNEGRENSER

For ca. 10 år sidan inviterte Modalen Kvinne- og familielag to damer frå Eksingedalen til strikkekafeen på Mo. Dei kunne fortelja om eit prosjekt som jordmødre på KK ved Haukeland sjukehus hadde. Jordmorstudentar frå Malawi kom til KK og fekk opplæring der. Jordmødre frå KK reiste til Malawi og fekk innblikk i situasjonen for dei fødande der. Behovet for varme huer til dei nyfødde var og er stort. Dermed var me i gang. Ein gong i året har damer frå begge dalane samlast for å telja opp og levera babyhuer. Jordmødre tek desse med seg på reise til Malawi, og det trengst ca. 14 000 for at alle skal få!

## MED 580 HUER I BAGASJEN

Pensjonert jordmor, Britt Eide, hadde alt pakka to koffertar med klede og anna til trengjande i Malawi då ho fekk vita at på Mo var det levert inn fleire hundre huer. Ho sa seg straks villig til å ta dei med seg som ekstra reisegods til Malawi i januar 2020. Spenninga var stor då ivrige strikkarar møtttest med posar fulle av huer tredje juledag. Alt skulle få plass i ei stor flytteøskje, så det måtte teljast og pakkast smart. For å letta teljinga, har dei fleste samla huene i plasposar med 20 i kvar. Då er det oversiktleg nok til at teljinga kan gå raskt

**REMA 1000**

OSTEREIDET

*Vaage Kattosbeti as*

Tlf. 56 35 63 50



**OSTEREIDET**  
*Kro*  
smakfulle frustelser

**Hjelmås**  
VVS a/s

Torvhusmyrane 2 – 5913 EIKANGERVÅG  
Tlf. 56 35 40 50  
E-post: hjvvs@hjelmaas.no

*Gravminne*



- Ring for katalog
- Navnetilføyning
- Gravstell
- Oppussing

**Hageland**  
Eikanger

Sauvågen 251 - 5913 Eikangervåg - tlf 56 35 77 30



**BYGGtorget**

KALÅS BYGG AS  
Tlf. 56 35 33 70 - www.kalasbygg.no

# Den perfekte timing

## ORD TIL ETTERTANKE

ved sokneprest Torbjørn Aamli

Det var 12. mars alvoret gikk opp for oss. Gudstjenester var avlyst på grunn av Corona-epidemien. Norge ble nesten stengt ned. Helsemyndighetene håpet de hadde funnet den rette timingen for krisetiltakene. Nå, tre uker senere, diskuteres det når barnehager og skoler kan åpne igjen. Når er «den rette tiden»?

## RETT TID TIL Å SNAKKE OM JESUS?

Det sies mye fint og trøstende fra prester og pastorer i disse dager. Om Guds omsorg og trøst, og mer eller mindre kvalifiserte råd om hvordan vi kan mestre hverdagen. Det er bra. Noen vil kanskje tenke at det er upassende å snakke for mye om Jesus, tro og slikt nå, - i hvert fall kommer det lett i bakgrunnen. Men jeg har begynt å lure på: Er det ikke i møte med livets skjørhet vi trenger å tenke gjennom de store spørsmålene i livet: Hvem er vi, hvor kommer vi fra, og hvor skal vi hen etter døden?

## I TIDENS FYLDE

En av tekstene for Maria Budskapsdag (22.3.) er fra Galaterte 4,4-7.

«*I tidens fylde sendte Gud sin Sønn...* Han skulle kjøpe oss fri, så vi kunne få retten til å være Guds barn», forteller apostelen Paulus. Guds perfekte timing.

## RETT FØR JEG DØR?

Jeg er vokst opp i et miljø der vi fikk malt alternativene klart for øynene: Trodde man på Jesus, var det evige livet sikra. Jeg var knapt tenåring da jeg diskuterte dette med en kamerat, og han hadde den geniale løsningen: Det gjaldt å bli kristen rett før man døde. Da fikk man det beste fra to verdener: Mest mulig moro her i livet, og evig salighet etterpå.

## FAKE NEWS 1

Løsningen ovenfor baserer seg i stor grad på «Fake News» - falske nyheter. Skaperen har drysset millioner av blomster på skoger og enger, og lar uendelig mange stjerner lyse for oss. Han strør sølv og gull på hav og snøhvite vidder, og pynter med grønt hver vår. Han unner oss det beste. Det gode livet. Festen, gleden og kjærligheten. Det er Fake News at Jesus vil gjøre livet grått og kjedelig.

## FAKE NEWS 2

Den neste falske nyheten er at mer av det gode alltid er godt. At det å få alt, med en gang, alltid er det beste. Det å måtte vente på noe godt, kan øke gleden. Måtehold og selvbeherskelse kan redde oss fra overspising og selvødeleggelse. Og det å være for opptatt av bare seg selv, kan gjøre en fryktelig ensom. Det er ikke bare kristne som har oppdaget at «Den største gleden du kan ha, det er å gjøre andre glad». Gud kaller oss til å løfte blikket, til å se det store i å leve for andre.



## FAKE NEWS 3

Individualister som vi er, tenker vi at vi har full kontroll, og vil gjerne ha det over Gud også. Det er ok å ta med Gud som et middel, kan vi lett tenke. Enten det er for å krydre tilværelsen med høytid og mystikk, eller som en investering i livet etter døden. Vi vil gjerne ha «Gud i lommen», og tenker at vi når som helst kan ta han fram ved behov. Da glemmer vi at Gud er Gud. Vi kan ikke kreve hans svar og hjelp. Vi kan ikke engang bestemme oss for å tro på han. Vi kan bare svare når han spør, når han inviterer. Heller enn å invitere Gud inn i vårt livsprosjekt, bør vi søke å få være med i hans.

## PERFEKT TIMING?

Så om Gud kaller på deg, så grip sjansen når den er der. Da er det den rette tiden. Du vet aldri når «overgangsvinduet» åpner igjen. Når du neste gang tenker i de baner, og har det fnugget av tro som skal til.

## MEN HVORDAN SVARER VI?

Når Gud ber deg komme «hjem» til hans åpne armer, kan du følge i gode fotspor. I Lukas 15,11 begynner den kjente fortellingen om han som «kom til seg selv» - og begynte på reisen hjem til far. Hjemveien til vår himmelske pappa kan vi ta - enten det er for første eller n'te gang. Men vi trenger en medvandrer, ikke bare når vi nærmer oss, men i tiden etterpå. For det er lett å miste motet når de vrangne tankene kommer. Snakk med presten eller en annen kristen du har tillit til. Da kan du få vite mer om gledene og hjelpemidlene som finnes. God vandring!



## FAKTA

**Namn:** Eva Karin Gausereide Kjellnes

**Alder:** 42 år

**Bustad:** Gausereide i Vestre Vassbygd i Seim

**Sivil status:** Gift, med 5 barn og 3 fosterbarn

# Frå kyrkjebenken

Tekst og foto: Geir Øy

– **Kva kyrkje tilhøyrer du?**

– Seim kyrkje.

– **Kor lenge har du vore aktiv i kyrkjelyden?**

– Eg har vore med der i 9 år. Då begynte eg i soknerådet.

– **Kva set du mest pris på ved Seim kyrkjelyd?**

– At det er opent for alle, om ein er truande eller ikkje. Det er ein plass ein treffest til glede og til fest og i sorg. At det er rom for barn under gudstenester er viktig for meg. Det blitt betre den siste tida med leikeplass bak i kyrkja og nye leikar i leikekroken. Elles er kyrkja er ein trygg tradisjon. Det er ein plass ein får høyre Guds ord. Eg kan sitje igjen med noko personlig som eg kan ta med vidare i kvardagen.

– **Korleis vil du skildra kyrkja?**

– Det er ei nydeleg fin kyrkje på Seim. Kyrkja ligg fint til i bygda.

– **Er det ein eller fleire salmar du likar godt?**

– I salmeboka står det ein dåpssalme av Kari Bremnes. Den heiter «Her e det et lite barn som kommer». Den er fin. Eg likar også godt «Å leva det er å elska» og «Gje meg handa di ven».

– **Kva kjenner ein god kyrkjekaffi?**

– Det er at det er noko å ete og drikke for liten og stor. Og så er det fint når ein kan stoppe opp og snakke litt før ein går heim. Det manglar nokre bord som me kan sitje ved i kyrkja på Seim, kyrkjekaffi i midtgangen fungerer godt det også.



## MELAND ELEKTRO

AUTORISERT ELEKTROENTREPRENØR

Mjåtveitflaten 45 • 5918 FREKHAUG  
Tlf 56 17 87 00 • post@melandelektro.no  
[www.melandelektro.no](http://www.melandelektro.no)

## TRENG DU NOKON Å FORTELJE DET TIL?



22 40 00 40



Helge Brekke (f.v.), Geir Øy og Trond Amdal har felles interesse av eit godt samarbeid om Knarvikmila og kyrkja.  
Foto: Arthur Kleiveland

# Kyrkja på lag med Knarvikmila

Tekst: Arthur Kleiveland

Kyrkja og Knarvikmila har funne kvarandre i samband med den store mosjonsmønstringa i august. Mellom anna gjennomførte dei ei felles solidaritetsgudsteneste i fjor, eit samarbeid som blir vidareført i år. Denne gongen vil kyrkje- og milfolket få eit møte med vår tidlegare stjernemålvakt Cecilie Leganger.

Solidaritet ligg i sjølve ryggmargen til Knarvikmila, fastslo tidlegare dagleg leiar i Knarvikmila, Eddie Ebbesvik fast då han forkyste «Knarvikmilas evangelium» under solidaritetsgudstenesta i fjor.

– Det er eit ønske at me kan ha ei årleg gudsteneste med dette fokuset, seier sokneprest Geir Øy. Han ser det som svært positivt at kyrkja kan bli brukt i samband med Knarvikmila.

– Kyrkja har i lang tid vore engasjert i Knarvikmila, noko vi synest er svært gledeleg, seier Trond Andal, dagleg leiar i Knarvikmila.

– Kyrkja er alltid positiv når vi tar kontakt med dei, og Geir Øy og co står sjølv fram som eit eksempel ved å delta i t.d.

YT-stafetten, seier Andal, som i samtalar med soknepresten er einige om å snakka saman om andre kreative samarbeid i åra som kjem.

## **STOR VERDI FOR KYRKJA**

Samarbeidet med mellom kyrkja og Knarvikmila har eksistert i mange år. Friluftsgudstenesta på «Gamleskulen» i Knarvik har lang tradisjon, og det gode samvirket har stadig utvikla seg.

– Det er ein stor verdi for ei kyrkje å få vere i kontakt med og stå til teneste for lokalmiljøet. Når Knarvikmila arrangerer pensjonist-seminar ser me korleis kyrkja kan kome i bruk på ein litt annan måte enn mange er van med, seier Øy.

Det var Knarvikmil-general Helge Brekke som for ei tid tilbake kom opp med ideen om å ha ei solidaritetsgudsteneste i tilknytning til Knarvikmila. Han hadde høyrte NRK-journalist Tømm Kristansen på ein andakt på radio og foreslo at kyrkja inviterte han til Knarvik. Det vart opptakten til den første solidaritetsgudsteneste i fjor, riktig nok ikkje med Kristiansen, men med tidlegare statsråd og visedirektør



Prestane i Nordhordland viste igjen på Yt-stafetten i fjor. Foto: Kaspar Knudsen/Strilen.

i FN, Hilde Frafjord Johnson, som heldt eit engasjerande føredrag.

Dessutan deltok Bjarthe Leithaug saman med musikarar, og Eddie Ebbesvik frå Knarvikmila fortalde om visjonane bak den store mosjonsmønstringa.

#### **GIR GATEBARN NYTT LIV**

– Det har alltid vore tanken at Knarvikmila skal vera ein arena for sosial samling. Ei av målsetjingane har også vore å fremja folkehelsa. Arrangementet skal vera eit tilbod til alle uansett alder og fysisk form, sa Ebbesvik i sitt innlegg under solidaritetsgudstenesta i fjor.

Knarvikmila har også investert i Brekkeløypa som eit viktig folkehelseprosjekt – fordi Knarvikmila skulle vera eit solidarisk samfunnsfunns-prosjekt. Knarvikmila har i ti år – i samarbeid med Knarvik ungdomsskule, vore med i eit humanitært prosjekt som gjev utdanning til foreldreause barn i Etiopia. No har dei inngått eit nytt samarbeid med Kolibri-stiftinga i Brasil, som er hjelp til gatebarn som lever under elendige forhold.

#### **FULLE HUS I KYRKJA**

Knarvikmila brenn også for å skapa gode møteplassar for sosialisering og auka trivsel i nærområdet. Knarvik kyrkje har vore arena og samla fullt hus for både milkonsert og pensjonistseminar.

– Knarvik kyrkje viste seg snart å vere eit aktuelt og tenleg lokale for konsertar og kulturarrangement. Når Musikkens venner legg den årlege konserten til kyrkja i samband med Knarvikmila, stadfester det samvirket mellom kyrkja og Knarvikmila, seier sokneprest Geir Øy. Milkonserten med Ytre Suløens Jass-ensemble og solist Tricia Boutté i fjor vart ei flott oppleving for ei fullsett kyrkje.

#### **CECILIE LEGANGER KJEM**

Geir Øy seier at det blir lagt opp til at solidaritetsgudstenesta skal vera ei uformell og annleis gudsteneste enn vanleg, men med ein viktig budskap. Det eit ønske å ha med ein gjest og eit kulturelt innslag. I 2020 er tidlegare handballspelar og «verdas beste målvakt», Cecilie Leganger, gjest saman med musikar Johan Sebastian Blum, og Geir Øy vil samtala med dei om aktuelle spørsmål. Ho er sjølvlært pianist, og har funne eit godt samarbeid med Blom, som er klassisk skulert musikar.

#### **FLOTT MED SAMBRUK**

– Det er flott når me får eit godt sambruk i området rundt skulane, idrettsanlegget og kyrkja, seier Geir Øy.

Prestane har sjølv delteke i Knarvikmila, og i fjor stilte dei også med eige lag i YT-stafetten.

– Det viser at dei kyrkjetilsette vil visa igjen utanom kyrkjehuset, seier soknepresten.





Eit avskjedsbilete då Freya og Oda drog frå kolibrisenteret for siste gong. Desse ungdommane fekk dei god kontakt med i løpet av tida dei var i Sao Paulo i Brasil.

# Med Knarvikmila til Brasil

Tekst: Geir Øy  
Foto: Privat

Freya Grace Hagen og Oda Marie Bjørsvik Rath fekk ei oppleving for livet då dei i slutten av november besøkte prosjekta som stiftinga Children At Risk Foundation driv i Sao Paulo i Brasil. Dei to elevane på Knarvik ungdomsskule reiste saman med lærar Thomas Corneliusen.

Etter å ha støtta prosjekt i Etiopia i ei årrekke, skifta Knarvikmila i 2019 over til å støtte eit prosjekt i Brasil. Gregory Smith, kjend frå media her heime, flytta frå Bergen i 1992. Han har mellom anna bygd opp senter for gatebarn.

Oda og Freya fortel at dei besøkte eitt av tre aktivitetssenter som bidrog til å halde gatebarn borte frå gata.

– For å vere på senteret, var det ein føresetnad at ungane gjekk på skule. Når dei ikkje var på skulen kunne dei vere på senteret, som er opne frå kl 8 til 20. Der kunne dei lære seg dans, musikk og kunst, nokon fekk opplæring i journalistikk og andre hadde matlaging som tema, fortel Freya.

– Kva gjorde mest inntrykk på dykk i Brasil. Oda?

– Det gjorde størst inntrykk på besøke ein favela der barna budde. Favelaar er fattige område i og rundt dei store byane i Brasil. Der var det mafia som hadde makta, og det var ung-

dommar og unge menn som styrte, seier ho.

Freya samstemmer med at besøket i favelaen gjorde stort inntrykk. Positivt vil ho trekke fram noko ho la merke til med barna på aktivitetssenteret.

Ungane var så glade og positive, sjølv om dei hadde det veldig vanskeleg på mange måtar. Det var vanskeleg for oss å forstå at dei kunne vere så glade. Me har lett for å klage over småting, seier ho.

Dei to fekk også vere turistar i Brasil. Dei var ei helg i Rio de Janeiro. Seinare besøkte dei ein landsby med indianarar og fekk oppleve tradisjonell dans og musikk.

– Der hadde det tydelegvis vore bergensarar før, for det hang 20 fotballskjorter frå Brann på ei klessnor, fortel Oda med eit smil.

Elevane på Knarvik ungdomsskule samlar inn til prosjektet i Brasil ein dag i året. Då gjer dei eit arbeid som bringer inn minimum 250 kroner. Oda vaska huset til mormora si den dagen. Freya hogde ned eit tre i hagen og gjorde ulike arbeidsoppgåver heime.





Skjermdump frå digital sending frå Meland kyrkjelyd.

# Den lokale kyrkja blei digital

Tekst: Geir Øy

Prost Helge Taranrød ser tilbake på den første tida i kyrkjene våre etter dei strenge restriksjonane på grunn av koronaviruset. Dei tilsette i kyrkjelydane begynte straks å nå ut via ulike skjermar, men søndag 15. mars var heilt spesiell.

– Dette var den stillaste søndagen vi har opplevd på lenge, og «alle» sat ved radioen og følgde gudstenesta som blei sendt frå Knarvik kyrkje på NRK radio. Vi var alle berørt av Thea som vart døypt denne søndagen. Etter gudstenesta fekk vi møte ho på skjermen då NRK TV intervjuar henne på nyhetene. «En radiosending fra Knarvik var et av ytterst få tilbud for kristenfolket søndag.», kunne vi lese på nrk.no denne ettermiddagen. Det trur eg ikkje er dekkande. Langt fleire enn dei som vil nemne seg som ein del av kristenfolket, fekk med seg denne gudstenesta, seier Taranrød.

Dei følgjande vekene har dei tilsette i kyrkjene snudd seg rundt og nådd eit større publikum.

– Frå dag ein begynte også medarbeidarane i Meland kyrkjelyd å legge ut aktivitetar på Facebook og kyrkjelyden si heimeside. No fekk barna møte den kjente Løva i Meland kyrkje på nettet. Eg trur sjølv Meland vart overraska over kor mange som såg dette innslaget. Og på ei kort veke produserte medarbeidarane den første gudstenesta i Nordhordland på nett. Det same evangeliet om Jesus Kristus, men formidla på ein ny måte, seier han.

Også medarbeidarane i Osterfjorden snudde seg raskt og la ut fleire andaktar, vakker musikk, barnesamlingar og gudstenester. Trusopplærar Bjørn D. Nygård har filma og redigert, og kantor Boris Kuprianov har hatt ansvar for lydopp-



Prost Helge Taranrød

tak. Dette er gode døme på medarbeidarar som tar i bruk kunnskapen sin på nye område.

– Dette visste vi ikkje at vi kunne. Eg er veldig imponert over engasjementet og motet medarbeidarar i heile Nordhordland prosti har vist til å arbeide på ein heilt ny måte. Erfaringane vil vi få god bruk for også i tida som kjem, seier prost Helge Taranrød.

– No opnar kyrkjene gradvis. Brurepar og dåpsforeldre står nærast i kø for å endeleg å kunne gifte seg og feire dåp. Og vi alle kan igjen kome til kyrkje og delta i nattverdfellesskapet. Dette ser eg fram til, avsluttar Taranrød.

# KRYSSORD

Laga av Arvid Sakseide

				Nr.2 i år 2020	må- nad	gute- namn	farts- gren- se	bil- byg- ingar		smal land- stripe	sikrar		Matt.- pasi- komp.	kreps- dyr
				→					→			→		
				song					fire grup- pe			utrop		
				mus. inn- leiing								krom fost- ring		
	↓	mynt	bror- mor- daren		←					←				↙
knol- len					minke	jente- namn				spør			pote	
øy- bu- ane							Wi- ener- mus.		tygg ----- ølfat			nab. Brita Lund		rosa
				↘		→						→		↘
↘ veike pinse- gåva		smalt sund			hus- dyr	----- fugl null- stille				vok- alen		sv. gute- namn		
			→					h.retn.			→	----- 1000 ----- prep.		
			se.mano			skøyt			serie- figur vok.'ane					
							→						Vy før	
↘ islam- boka		insekt- middel ved				pålen renn	listig			fisk				↓
ein Dyre					prei- kene			nab.			gresk bok- stav	mynt		
														↙
heil														↙

Send heile kryssordet (evt.foto/scan) innan 25. august til post.meland@kyrkja.no eller i post til Meland kyrkjelyd, Postboks 117, 5906 Frekhaug. Premie: Gåvekort kr. 250, Knarvik Senter. Vinnar kryssord nr.1-2020: Svanhild Johanne Furuskjog.



**Vatne**  
Begravelsesbyrå

Vi kan hjelpe til med rådgiving og tilrettelegging ved begravelser og bisettelser.

**Døgnvakt 56 35 09 10**  
www.vatne-byra.no  
Kvassnesvegen 11, 5914 Isdalsbø



## Nordhordland VIRKE GRAVFERD Begravelsesbyrå AS

Ring oss på tlf. 56 37 14 10  
eller sjå [www.nordh-bb.no](http://www.nordh-bb.no)

Stort utvalg  
i blomster og  
gravminne!

**KYRKJEVEGEN 1**  
5911 Alversund

**FREKHAUG:**  
Havnevegen 31,  
5918 Frekhaug

**AVD. VAKSDAL:**  
Tlf. 56 99 25 70

*Me går saman med deg heile vegen*

# Kultur- kalender

Restriksjonar knytta til smittevern på grunn av koronaviruset gjer at mange kulturarrangement har blitt avlyst. Oppdatert informasjon er å finne på [kyrkja.no/knarvik](http://kyrkja.no/knarvik).

30. august – søndag

## SOLIDARITETSGUDSTENESTE

Knarvik kyrkje kl. 19.30

I samarbeid med Knarvikmila

26. september – laurdag

«FEST I SEPTEMBER» med Solveig Leithaug, Hanne Vatnøy, Linda Fosse og Seim Songkor  
Knarvik kyrkje

Dette vert ein konsert med visesong, moderne pop og ny klassisk musikk i samspel med den livnære og biletrike lyrikken til Aslaug Låstad Lygre.



## ANDAKT

Av Daniel Kydland

«Ver difor ikkje urolege for morgondagen; morgondagen skal uroa seg for sitt. Kvar dag har nok med si møde.» Dette seier Jesus i Matteusevangeliet kapittel 6. Dette er ord til trøyst og oppmuntring i ei tid som er prega av permitteringar, konkursar, inntektstap og andre ting som gjer livet

meir usikkert enn det er til vanleg. Samtidig kan dette høyrast ut som om at Jesus oppmodar til ein nesten ansvarslaus tillit. Skal ein verkeleg berre ta ein dag om gongen? Eg trur ikkje at Jesus med dette meiner at ein ikkje skal planleggje framtida, for planlegging er ikkje jamstilt med bekymring. Ein stad las eg at bekymring er: «...kjeder av negative tanker som ofte begynner med «hva hvis?» og «tenk om?»». Bekymring er altså ikkje det same som planlegging eller å ta ansvar.

Kva er det så Jesus vil fram til med dette?

## «Å spele på lag med det beste i idretten»

### SOLIDARITETSGUDSTENESTE

For andre gong samarbeider Knarvikmila og Knarvik kyrkje om ei solidaritetsgudsteneste. Søndag 30. august kl. 19.30 gjestar tidlegare handballspelar på toppnivå, Cecilie Leganger, Knarvik saman med cellist Johan Sebastian Blum. Cecilie Leganger er sjølvlært på piano og ho og Blum har bokstavleg talt funne tonen saman. Det blir eit møte med ein skulert og uskulert musikal, og dette gir eit spennande resultat. Sokneprest Geir Øy vil også ha ein samtale med Leganger om verdier i livet som toppidrettsutøver og etter at den karriera var over.

Leganger er engasjert i foretaket «Nye livskrefter» og arbeider mellom anna med unge menneske som treng ekstra støtte i arbeidslivet. Ho har også leiarkurs der arbeid med sjølvtilitt er eit viktig element.

Vel møtt til ei utradisjonell kveldsgudsteneste!



Cecilie Leganger



I det kapitlet hos Matteus seier Jesus: «Søk først Guds rike og hans rettferd, så skal de få alt det andre i tillegg.» Eg trur Jesus med dette meiner er at det er ikkje ansvarslaust å ta ein dag om gongen, for når me legg liva våre i Guds hender ved først å søkje hans rike, så har Gud òg gitt eit løfte om at me skal få alt det andre i tillegg. Dette er noko som gjev oss ein stor fridom. Ikkje ein fridom til ikkje å ta ansvar, men ein fridom til å ikkje bekymra oss, og ein fridom til stola på Gud og på at han heilt konkret vil forsørgje oss. Det skjer som regel på heilt naturlege måtar, gjen-

nom at me tar ansvar, gjer eit arbeid og difor har ei inntekt som forsørgjer oss. Eller gjennom den situasjonen som mange no for tida er i, at ein får dagpenger eller andre formar for tilskot.

Difor er min bodskap til deg som er bekymra i desse tider: Jesus sine ord gjev oss fridom til å ikkje bekymra oss og til å stola på Gud. Det er ikkje ansvarsløyse, men tillit til at ein gjennom først å søka Guds rike, vil få alt det andre i tillegg.



**Eirin og Idar  
Åserud-Løvlid bur  
i Pernillehuset i  
Bjørndal på Holsnøy.  
Dei likar å lage mat  
og er ekstra glad i  
Italia og mat derifrå.  
Her kjem to enkle  
rettar med smak av  
sommar og Italia.**

Foto: Tuva Åserud

## OPPSKRIFT

### Insalata Caprese (TOMAT- OG MOZZARELLASALAT)

#### 2 porsjonar

2 tomatar (jerne plommetomat)  
1 mozzarellaost, fersk  
Litt god olivenolje  
Balsamicosirup  
Fersk basilikum  
Salt og nykverna pepar

Skjer tomatar og mozzarellaost i skiver og legg lagvis på fatet. Sprinkle litt olivenolje og balsamicosirup over og dryss så på strimla fersk basilikum.

Nykverna pepar og litt salt er godt oppå. Pynt gjerne med nokre ferske basilikumblad før servering.



### Isa's limepai

#### Botn:

3 dl kveitemjøl  
¾ dl sukker  
1 ts vaniljesukker  
175 gram romtemperert smør

Elt saman ingrediensane og lat deigen kvile omlag 15 minutt i kjøleskap før du trykkjer den ut i ei paiform. Prikk deigen med gaffel.

#### Fyll:

3 egg  
2,5 dl sukker  
2 ss raspa limeskal (berre det grønne)  
Omlag 1 dl limesaft  
5 ss kveitemjøl

Rør saman fyllet og hell det opp i forma.

Steik paien på nederste rille i ovnen. 200 grader i ca 15 minutt.

#### Pynt:

Melisdryss  
Raspa limeskal



**KNARVIK 40 SENTER**

Møteplassen for handel og kultur

**Knarvik  
Blomsterstove**



Kvassnesvegen 11 – 5914 Isdalstø  
Tlf: 56 35 62 20 – [www.knarvikblomsterstove.no](http://www.knarvikblomsterstove.no)



## MIN SONG

**Svanhild Ingerid Eknes** er oppvaksen på Fyllingsnes og bur no på Leiknes. Ho fyller 78 år i juni, er pensjonert lærar og syng i OsterKlang. Svanhild har også vore med i forsongargruppa i Hjelmås kapell i mange år.

Eg angra mest at eg sa 'ja' til å skriva om Min salme. Det var så vanskeleg å velja! Eg syng i OsterKlang, og me har veldig mange, fine salmar. Men no valde eg denne kveldssongen som fru Kårbø lærte oss då me gjekk i andre klasse. Tonen me lærte var enkel, men den 'fanga' meg ikkje. Først då eg hørte Ola Seljelid synge den på eit adventsmøte me hadde på Apalen saman med Hjelmås Husmorlag og Leiknes Helselag, vart eg 'teken'! Den vart også sunge i Myking kyrkje av døtrene til Ola Seljelid på ein konsert me var på. Sidan har eg også høyrte den i Knarvik kyrkje då Egon Askvik med familie og vener hadde konsert der. Med folketonen frå Nordfjord som melodi, vart det ein heilt annan song. Då kjente eg at alt stemte. Hjardefred og ro kom!

## Ned i vester soli glader

Nr 823 i Norsk salmebok  
Anders Hovden har skrive teksten,  
melodien er ein norsk folketone frå Nordfjord.

Ned i vester soli glader.  
Takk for dagen, Gud og Fader,  
gjev oss vern til natti no!  
Takk for mat og takk for klede,  
takk for arbeidskraft og glede,  
/: gjev oss hjardefred og ro! :/

Gud og Fader, lat oss sova  
under englevakt i stova,  
ver vår sol om natti, du!  
Når så siste dagen dalar,  
lyft oss opp i dine salar,  
/: lei oss over stjernebru! :/



**OSTER PUKK OG SAND AS**

TLF. 56 35 77 00

*Torill Foto*

Hjelmås  
Tlf.: 56 35 52 90

**VAKSDAL BLOMSTER OG  
BEGRAVELSESBYRÅ AS**

Vi ordnar alt vedrørande dødsfall.  
Kransar, oppsatsar og bærebukettar  
fritt levert til gravferda. Gravmonument.

Tlf. 56 59 74 70



**NORGESHUS**  
Hindenes Hus

Hindenes Hus AS - 5993 Ostereidet  
Tlf.: 56 35 25 80 - andre.vabo@norgeshus.no



## Frå farne tider

Tekst: Gunvor Taule Mjanger

Redaksjonen i Kyrkjeløtten har fått låna gamle nummer av Kyrkjelydsblad for Hosanger prestegjeld frå Ivar I. Eidsheim. Far hans, Ingvald Eidsheim, tok vare på desse, og det er mykje interessant å lesa her.

Det første nummeret kom i januar 1948 då sokneråda i Hosanger, Mo og Eksingedalen var utgjevar og sokneprest Erik Holm redaktør. Me les:

«Den 13. des. 1947 hadde sokneråda i Hosanger prestegjeld sammøte på Mo for å tilsetja hjelpeprest. Samstundes gjorde sokneråda vedtak om å skipa til eit kyrkjelydsblad for Hosanger, Mo og Eksingedalen. Til redaksjonsnemnd vart valde: frå Hosanger sokneråd: Anders Padøy, Reidar Bjørge og Sverre Hellan. Frå Mo sokneråd: Karl Farestveit og pastor Hartberg. Frå Eksingedalen sokneråd: Lars Brakestad. Til redaktør vart vald: soknepresten.

På tittelsida er bilete av dei 5 kyrkjone frå Hosanger prestegjeld. Hosanger-kyrkja står i midten med Vike og Askvik kapell til venstre og Mo og Eksingedalen kyrkior til høgre. Lærar Nils Bjørge har gjeve utkast til vignett som sidan har vorte omforma av Trygve Ytrehus på Thunæs Klichéanstalt.»

Mangt og mykje var annleis då, i høve til no, på godt og vondt, vil mange meina. Sokneråda tilsette i sammøte på Mo den 13. desember 1947 Gunnar Hartberg som ny hjelpeprest, dei hadde fem å velja blant. Biskopen i Bjørgvin godkjende tilsetjinga, og den nye presten skulle bu på Mo. No gjev sokneråda uttale når det skal tilsetjast ny prest, og bispedømerådet tilset.

Kyrkjeleg statistikk hadde dei i dei dagar også:

	Hosanger	Mo	Eksinged.
Fødde i Hosanger pgd.	35	6	3
«Utanfor»	30	1	0
Fødde utan ekteskap	0	0	0
Døyppte	60	9	5
Konfirmerte	42	20	0
Ekteskap i kyrkja	16	1	0
Borgerleg ekteskap	1	0	0
Jordfesta	32	5	1

### Oversikt over ofringane i Askvik kapell i 1947:

Muhammedanermisjonen	kr. 47.53
Den norske Sjømannsmisjon	kr. 64.00
Det norske Misjonsselskap	kr. 61.72
Indremisjonen	kr. 44.80
Santalmisjonen	kr.115.48
Det norske Misjonsselskap	kr. 81.92

100 kroner i 1947 tilsvarer 2 172,55 kroner i dagens verdi, ein prisauke på 2 172,5 % desse åra. Om det vert like mykje misjon av desse kronene, er eit anna spørsmål.

Frå preikelista les me at det skulle vera misjonsgudsteneste ved misjonsprest Hodneland i Askvik kapell 1. februar 1948, og preike i Romarheim skulehus med altergang for gamle 22. februar 1948. Der skulle det også vera bibellesing søndag 22. og måndag 23. februar.

Altergang for gamle er ukjent i våre dagar, no er me alle velkomne til Herrens bord. Kanskje ein av dykk som har levd lenge, kan fortelja litt om dette i neste nummer av kyrkjebladet?

# Slekters gang

## Døypte:

### Hjelmås kapell

23.02.20 Kai Harvey Sambraus

### Mo

17.11.19 Adam Stien

09.04.20 Heine Farestveit

### Andre kyrkjer

29.02.20 Olai Kristian Lampe (Knarvik kyrkje)

08.03.20 Rene Dale Seim (Meland kyrkje)

## Vigde:

### Hjelmås kapell

17.04.20 Katrine Brakvatne og Eivind Daniel Røed

## Døde:

### Ostereidet

03.03.20 Vilhelm Overå

20.03.20 Olga Mathilde Johnsen

03.04.20 Joar Aleksander Stall  
Mariussen

19.04.20 Odd Andreas Johnsen

### Hjelmås

03.04.20 Johannes Bjørsvik

### Romarheim

22.04.20 Kjellfred Romarheim

### Mo

11.02.20 Inge Kårevik

24.02.20 Sigurd Veka

## Ver med og bidra om du kan

Avlysinga av gudstenestene går også ut over frivillige organisasjonar som ikkje får kyrkjeoffer dei har blitt tildelte. Vi vil gjerne oppmuntre dykk til å støtte det viktige arbeidet deira ved å gje ei gåve på annan måte.

De kan bruke VIPPS eller kontonummeret til Osterfjorden sokneråd.

Det er viktig at de merkar kva organisasjon gåva skal gå til.

VIPPS nr. 537808

Konto nr. 3632 58 99098

Det gjeld følgjande organisasjonar:



Normisjon: Kyrkjelydens misjonsprosjekt i Aserbajdsjan



P7-Kristen riksradio



Norges kristelige student- og skuleungdomslag

Kyrkjelydsarbeidet

### MO SOKN

Vipps nr. 528182

Konto nr. 3500 07 05827

Kyrkjelydsarbeidet i Mo sokn



Misjonsprosjektet vårt Ebenezer Child Care Ministry

Helsing Kyrkjekontora



## Trusopplæringstiltak i Korona-tida

Tekst og foto: Antje Michelau-Meyn

Sidan det ikkje er mogleg å møtast fysisk med ungar eller vaksne for tida, oppfordra me alle i Modalen om å lage ein "Håpets stein" - med håp om betre tider og til minne om den steinen som vart rulla vekk frå Jesus si grav i påska og gav håp om eit nytt liv.

Mange har delteke allereie, og fleire er velkomne til å bidra med sin stein.

# Gudsteneste- kalender

Grunna korona-epidemien må vi ha ein meters avstand i kyrkja mellom dei som ikkje er i same husstand. Då kan det bli fleire korte gudstenester nokre av sundagane. Ei tid, i alle høve ut august, blir det gudstenester berre i Ostereidet og Mo kyrkjer. Det kan bli endringar, sjå difor på nettsidene, Facebook (sjå s. 2 i bladet) og i lokalavisene etter oppdatert informasjon. Dåp vil førebels skje i egne dåpsgudstenester, oftast etter oppsette gudstenester.

## 31. mai

Pinsedag

Ostereidet kyrkje kl 10.30  
Høgtidsgudsteneste med nattverd  
Torbjørn Aamli

Ostereidet kyrkje kl 12.00  
Gudsteneste for små og store  
Torbjørn Aamli

## 07. juni

Treeiningssøndagen

Ostereidet kyrkje kl 11.00  
Torbjørn Aamli

## 14. juni

2. søndag i treeiningstida  
Mo kyrkje kl 11.00  
Torbjørn Aamli

## 21. juni

3. søndag i treeiningstida  
Ostereidet kyrkje kl 11.00  
Truls Nygård

## 28. juni

4. søndag i treeiningstida  
Mo kyrkje kl 18.00  
Ole Marton Ølberg

## 12. juli

6. søndag i treeiningstida  
Ostereidet kyrkje kl 11.00  
Torbjørn Aamli

## 19. juli

Ostereidet/Hjelmås kl 13.00  
Dåpsgudsteneste ved behov  
Torbjørn Aamli

## 02. august

9. søndag i treeiningstida  
Ostereidet kyrkje kl 11.00  
Torbjørn Sæle

## 16. august

11. søndag i treeiningstida  
Mo kyrkje kl 11.00  
Torbjørn Aamli

Ostereidet kyrkje kl 19.00  
Håkon Kinsarvik

## 23. august

12. søndag i treeiningstida  
Ostereidet kyrkje kl 11.00  
Magne Bjørndal

## 30. august

13. søndag i treeiningstida  
Ostereidet kyrkje kl 11.00  
Torbjørn Aamli

## 6. september

Vingardssøndagen  
Vike kyrkje kl 11.00  
Torbjørn Aamli

## 13. september

15. søndag i treeiningstida  
Ostereidet kyrkje kl 11.00  
Presentasjon av nye konfir-  
mantar

## 20. september

16. søndag i treeiningstida  
Mo kyrkje kl 11.00  
Presentasjon av nye konfir-  
mantar  
Torbjørn Aamli

Hjelmås kapell kl 18.00  
Presentasjon av nye konfir-  
mantar  
Torbjørn Aamli

## 27. september

17. søndag i treeiningstida  
Ostereidet kyrkje kl 11.00  
Hausttakkefest  
Torbjørn Aamli

## 4. oktober

Vike kyrkje kl 11.00  
Konfirmasjonsgudsteneste  
Torbjørn Aamli

## 17. oktober

Ostereidet kyrkje kl 10.30  
og kl 12.30  
Konfirmasjonsgudstenester  
Torbjørn Aamli

## 18. oktober

Hjelmås kapell kl 11.00  
Konfirmasjonsgudsteneste  
Torbjørn Aamli

## 24. oktober

Mo kyrkje kl 11.00  
Konfirmasjonsgudsteneste  
Torbjørn Aamli

Viss det framleis er koro-  
narestriksjonar, kan det bli  
fleire konfirmasjonsgudste-  
nester og andre klokkeslett.

## FASTE AKTIVITETAR I OSTERFJORDEN

### Ostereidet kyrkje

Sprell levande  
Søndagsskule 1.-4.klasse  
Onsdagar kl.12.45-14.15  
(Oddetalsveker)  
Ingunn Skeie Buanes,  
95823103

Ostereidet Soul Children  
Onsdagar kl.17.30-18.30  
Renate Waldow, 91550548

Fredagskafeen  
Fredagar kl.20-23.00  
Bjørn Ingvar Eidsheim,  
971 45 120

Te Deum  
Onsdagar kl.19.00-21.00  
Solfrid Hindenes, 90117981

Osterklang  
Torsdagar kl.17.00-19.00  
Solveig Eide, 98647358

Pensjonistlaget  
Torsdagar kl.16.30  
Arnfinn Hellevang, 97601675  
Siste torsdag i mnd.

Strikkekafeen  
Tysdagar kl.19.00-21.00  
(Partalsveker)  
Sonja Molvik, 47855513

Bøn og lovsong  
Mandagar kl.19.00-21.00  
(Partalsveker)  
Ivar Eidsheim, 91704246

### Hjelmås kapell

Jungelgjengen  
Tysdagar kl.17.30-19.00  
Helga A.Eikrem, 41648493

Småbarnstrall  
Onsdagar i partalsveker  
Bjørn D. Nygård

### Borgstova på Vikanes

Laurdagsgraut  
Borghild Toft, 48057831



Mo kyrkje



Vike kyrkje



Ostereidet kyrkje



Hjelmås kapell